

ÅRSMELDING 2014

SOGN OG FJORDANE FOLKEMUSIKKLAG

Innhald

Sogn og Fjordane Folkemusikklag

- Administrasjon
- Medlemmer, medlemskap og representasjon
- Årsmøtet 2014
- Utgjevingar
- Fond
- Folkemusikkprisen

Prioriterte satsingsområde 2011-2014:

- Informasjon
- Folkemusikkarena
- Kulturpolitisk arbeid
- Organisasjon

Utsnitt

Samarbeidspartnarar

SOGN OG FJORDANE FOLKEMUSIKKLAG

Sogn og Fjordane Folkemusikklag vart skipa i 1981, og har følgjande formål:

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i Sogn og Fjordane gjennom å arbeide for og auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans.

STYRET

Styret i Sogn og Fjordane Folkemusikklag har etter val på årsmøtet 2014 og konstituering hatt ei slik samansetjing:

Antonia Karete Haugen Kongsvik (Stryn) styreleiar
Oddbjørg Ese (Luster) nestleiar
Kari Malmanger (Sogndal) styremedlem
Dagfrid Vallestad Brevik (Førde) styremedlem
Knut David Hustveit (Fjaler) styremedlem

Varamedlemer:

1. varamedlem Aud Sissel Orheim (Eid)
2. varamedlem Bjørn Eivind Årdal (Jølster)
3. varamedlem Leif Erik Stuhaug (Førde)

1. vara har vore kalla inn til alle styremøte.

Styret har i meldingsåret hatt 6 styremøte. Av desse var tre av møta telefonmøter. Totalt har styret handsama 34 saker. Nokre av sakene har også vore drøfta pr. e-post.

ADMINISTRASJON



Dagrun Hesjevoll.

Foto: Sissel Beate Eriksen Skar.

Dagrun Hesjevoll var tilsett som dagleg leiar i 50% stilling fram til 1. oktober 2014. Ho gjekk då av etter heile 26 år i stillinga som dagleg leiar i Sogn og Fjordane Folkemusikklag.

Folkemusikklaget hadde fram til 1. oktober kontor i Jostedal.

Styret takkar Dagrun for sin innsats for Folkemusikklaget gjennom mange år.

Tormod Kleiveland var engasjert som prosjektleiar for Mokurset 2014.



Ingrid Andersen Heieren er tilsett som ny dagleg leiar og folkemusikk-koordinator i Sogn og Fjordane Folkemusikklag. Stillinga er framleis på 50%. Ho tok til i stillinga 1. november.

Dagleg leiar har no kontorfellesskap med Førdefestivalen i Førdehuset.

MEDLEMMER, MEDLEMSSKAP OG REPRESENTASJON

Folkemusikklaget hadde **477** medlemmer pr. 31.12.2014 (516 i 2013), **54** born og unge og **423** vaksne. (56 born og 460 vaksne pr. 31.12. 2013).

19 lokallag er tilslutta organisasjonen. Dette er det same som i 2013.

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har medlemskap i:

FolkOrg - organisasjon for folkemusikk og folkedans

Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival

Sogn og Fjordane Musikkråd (skipa i 2012)

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har vore representert på:

Kulturstrategimøte i regi av Fylkeskommunen: Styreleiar Antonia Karete Kongsvik

Seminar «Det digitale publikum» i regi av fylkeskommunen: Styreleiar Antonia Karete Kongsvik

Årsmøtet i FolkOrg på Fagernes : Styreleiar Antonia Karete Kongsvik og dagleg leiar Dagrun Hesjevoll

Fagdag om «Den kulturelle spaserstokken» i regi av fylkeskommunen: Styreleiar Antonia Karete Kongsvik

Møte i Ragnar Vigdals minnfond: Dagleg leiar Dagrun Hesjevoll

Møte om Sogn Kulturskule: Styremedlem Oddbjørg Ese

Møte med NTL Sogn og Fjordane: Styreleiar Antonia Karete Kongsvik og styremedlem Knut David Hustveit

Leiarmøte i Vestlandskappleiken: Styreleiar Antonia Karete Kongsvik

Representantskapsmøte i Førdefestivalen: Dagleg leiar Ingrid Andersen Heieren

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har også vore inviterte til to jubileumsfeiringar i 2014. Naustedalen spelemannslag feira 60 år og Honndalsmusikken 10 år. Styreleiar var tilstade på begge jubilea og helsa frå folkemusikklaget med blomar og konfekt.

ÅRSMØTET 2014

Årsmøtet var lagt til Skei hotell, søndag 9.mars . 10 medlemslag var representerte med til saman 13 røysteføre utsendingar.

-Frå styret møtte styreleiar Antonia Karete Haugen Kongsvik, nestleiar Kari Malmanger og styremedlem Helene Myklemyr Bolstad.

-Frå administrasjonen Dagrun Hesjevoll

-Frå valnemnda møtte Helga Åsnes.

Jon Gåsemyr var møteleiar. Til stades var til saman 17 personar. Helene Myklemyr Bolstad var også på møtet som gjest frå FolkOrg. På saklista stod vanlege årsmøtesaker.

FOND

Sogn og Fjordane Folkemusikklag forvaltar Rolf Myklebust Minnefond og Mokursfondet.

Rolf Myklebust Minnefond



Rolf Myklebust

Minnefondet har som føremål å stø utgjeving av tradisjonell folkemusikk frå Sogn og Fjordane. Fondet gjev ikkje stønad til nyinnspelningar eller utgjeving av nye komposisjonar på notar.

Fondet sto pr. 31.12.14 med kr. 125 052,80kr i eigenkapital. Det vart ikkje gjort tildelingar frå fondet i 2014.

Mokursfondet

Mokursfondet vart oppretta etter vedtak av årsmøtet 2011, og skal byggjast opp av driftsoverskot frå Mokurset, samt renteinntekter av fondet sin eigenkapital. Midlar frå fondet kan gå til å dekkje eit eventuelt driftsunderskot frå Mokurset, og til å gjere investeringar i Mokurset etter vedtak i styret.


Fondet sto pr. 31.12.14 med kr. 78 875,82 i eigenkapital.

UTGJEVINGAR

Rolf Myklebust: *Slåttar i Nordfjordtradisjon*

Rolf Myklebust sine notehefte med *Slåttar i Nordfjordtradisjon* vart utgjeve av Folkemusikklaget i 1985 og 1986. Folkemusikklaget har pr. 31.12.2014 der ca. 560 hefte på lager. Nokre hefter vart øydelagde i vasslekkasjen på kontoret. Hefte nr. 2 er utseld.

Skumringstimen



Boka *Skumringstimen* vart gjeven ut i 1998, og inneheld ei samling folkesongar skrivne ned etter kjelder frå alle kommunane i fylket.

Boka inneheld også to cd - plater med opptak av kjeldene.

Folkemusikklaget har pr. 31.12.2014 68 bøker på lager.

FOLKEMUSIKKPRISEN

Folkemusikkprisen er ei heidersutmerking og blir delt ut anna kvart år til ein person, lag eller organisasjon som har gjort ein særleg innsats for folkemusikken i fylket.

Tidlegare mottakarar av Folkemusikkprisen: Jon Oddvar Kandal (2012), Einar Eimhjellen (2010), Harald Hesjevoll (2008), Arne M. Sølvsberg (2006), Ingrid Søyland (2004), Petter Eide (2002), Sigmund Eikås (2000), Oline Løvlid (1998), Maria og Lars Ryssdal (1996), Anna og Ragnvald Lunde / Martha Seljeseth Frøland (1994), Svein Skjerdal (1992), Peder Raad / Johanna og Nils Ormberg (1990), Gudveig og Ingolf Iversen / Sjur Hesjevoll (1988) og Paul Berstad (1986).

Elin Grytting vart tildelt prisen for 2014. Styret si grunningjeving kan du lese nedanfor.

Folkemusikkprisen 2014 til Elin Grytting



Elin Grytting fekk Folkemusikkprisen 2014. Her på scena saman med leiar i Sogn og Fjordane Folkemusikklag Antonia Karete Haugen Kongsvik og dagleg leiar Dagrund Hesjevoll. Foto: Kjell Thue.

Kandidaten i år har lang fartstid med arbeid for folkemusikken, dansen og songen i fylket, og er velkjend for sin innsats på dette feltet.

Kandidaten har samla inn, teikna ned på notar og gjort lydopptak av eldre kjelder. Dette er dag svært verdifullt materiale, sidan mange av kjeldene for lengst er borte. Mange har fått nytt godt av dette arbeidet sidan kandidaten villig lærer frå seg av sin kunnskap. Bl.a. kan ein nemnast Unni Løvlid som fekk nytte godt av kandidaten sin kunnskap på musikklinja på Firda vid. gjennom tre år.

Vedkommande har vore leiar både i lokallag og i fylkeslaget. Dommargjering er utført både på fylkeskappleik, vestlandskappleik og landskappleiker. No har nok dei fleste skjønt kven dette er så me ber Elin Grytting komme på scena før me les vidare frå grunngevinga.

Sogn og Fjordane fylkeskommune oppretta fylkesmusikarordninga som Elin vart tilsett av i 1989, men Elin reiste også rundt før den tid med innsamling av stoff, kurs og turnear. Bl.a. reiste ho rundt med ei gruppe som gjesta dei fleste barneskulane i Sogn og Fjordane og også i Hordaland med programmet. «Med folkemusikk i ryggsekken»

Elin starta med dans i sin ungdom, og var aktiv i Sogn og Fjordane ringen i Oslo. Seinare vart med i det fyrste kullet som tok grunnfag i dans ved NTNU. Ho kjenner såleis godt til dansetradisjonane i fylket. Elin har konservatorieutdanning som klassisk muskar på obo og spela ei tid i Sogn og Fjordane symfoniorkester. I tillegg til at Elin underviste mykje i song, så underviste ho også born på fele. Ho har spela både fele, hardingfele og fløyte.

Ho tok initiativ til Smørbukk-kappleiken, som i den tid bar namnet Juniortreffet og skipa til dette i to år, før folkemusikklaget overtok i 1988.

Songen er vel likevel det som har vore sterkast for Elin. Ho har stor kunnskap om tradisjonane i fylket. Me vel å trekke fram innsatsen hennar for å få diktarpresten Claus Frimann fram i lyset. Her vart det både CD og konsertserie, der ho fekk med seg både gode muskarar og Toralf Maurstad som forteljar.

Den viktigaste levande songkjelda for Elin var truleg Paul Berstad frå Selje. Han var ein stor formidlar og vart den fyrste som fekk «Fokemusikkprisen» då den vart oppretta i 1986. Elin stod i spissen for ein stor minnekonsert for han i 2008, då det var hundre år sidan han var fødd.

Sogn og Fjordane Folkemusikklag ser på Elin Grytting som ein svært verdig mottakar av prisen og takkar for godt arbeid gjennom mange år.

Til lukke med Folkemusikkprisen for 2014!

PRIORITERTE SATSINGSOMRÅDE INFORMASJON

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i fylket gjennom arbeid for å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans:

- Gje god og relevant informasjon om aktuelle saker og hendingar til publikum og medlemmer.
- Arbeide for auka omtale av folkemusikk- og dans i media.

For å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans, er det ein føresetnad å vere synleg. Ein aktør som ikkje er synleg, er heller ikkje viktig. Folkemusikklaget arbeider for å gje god og relevant informasjon om aktuelle saker og hendingar til utøvarar, arrangørar, media og publikum.

Informasjonstiltaka våre kan delast opp i kategoriane passive og aktive. Døme på passive infotiltak er nettportalen www.folkemusikklaget.no. Her må interesserte lesarar sjølv oppsøkje portalen for å finne informasjonen dei ønskjer. Døme på aktive infotiltak er utsending av nyhendebrev, pressemeldingar og bruk av sosiale media. Her deler Folkemusikklaget relevant informasjon til definerte målgrupper.

NETTPORTAL

Folkemusikklaget har på nettportalen "Folkemusikk i Sogn og Fjordane" laga ein felles informasjonsportal knytt til domena www.folkemusikklaget.no, www.mokurset.no, www.fylkeskappleiken.no og www.vestlandskappleiken.no.

Nettsida har følgjande punkt på hovudmenyen:

- Aktuelt
- Folkemusikklaget
- Kurs | Seminar
- Mokurset
- Fylkeskappleiken
- Vestlandskappleiken

På nettportalen blir det jamleg publisert aktuelle nyhende og saker, og portalen har ein kalenderfunksjon der alle som ønskjer kan legge inn arrangementa sine. Sakene på nettportalen blir produsert og publisert på grunnlag av informasjon frå medlemmene, samt informasjon frå eksterne aktørar om relevante saker og hendingar. Folkemusikklaget har det redaksjonelle ansvaret for nettportalen, men innhaldet på meny-punkta Fylkeskappleiken og Vestlandskappleiken blir hovudsakleg produsert og publisert av dei lokale kappleiksarrangørane.

Folkemusikklaget ønskjer at nettportalen skal spegle det som skjer på folkemusikkfronten i fylket og oppmodar alle om å sende inn informasjon om arrangement rundt i fylket. Det har i 2014 vore publisert om lag 150 artiklar på nettsida.

SOSIALE MEDIA

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har eiga side på facebook. Her vidareformidlar folkemusikklaget egne nyhende frå nettportalen vår. Det vert også forsøkt å dele vidare folkemusikkhendingar som andre har oppretta, artiklar frå aviser om folkemusikarar m.m. Det vert spesielt lagt vekt å på spreie informasjon om arrangement i Sogn og Fjordane og utøvarar frå Sogn og Fjordane.

Dei fleste arrangementa våre vert også oppretta som hendingar på facebookside vår. Fylkeskappleiken og Vestlandskappleiken har tilbud om å bli oppretta som hendingar under Folkemusikklaget si side.

NYHENDEBREV

Folkemusikklaget har sendt ut eit månadleg nyhendebrev til alle medlemslag, enkeltmedlemmer og andre interesserte vi har registrert kontaktinfo på, samt våre samarbeidspartar og regionale kulturaktørar. Sakene i nyhendebrevet blir generert ut frå nettportalen "Folkemusikk i Sogn og Fjordane". Vi arbeider jamleg med å oppdatere og utvide mottakarlista for nyhendebrevet.

PRESSEMELDINGAR

Folkemusikklaget har sendt ut pressmeldingar til media i fylket i samband med våre tiltak, prosjekt og arrangement. I samband med avvikling av Fylkeskappleiken og Vestlandskappleiken har i tillegg dei lokale arrangørane også sendt ut relevante pressemeldingar. Fleire av pressemeldingane har ført til gode oppslag i media.

FOLKEMUSIKKARENA

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i fylket gjennom å arbeide for å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans.

- Sikre gode arenaer for formidling, rekruttering og opplæring for born, unge og vaksne gjennom å:
 - skipe til egne arrangement
 - samarbeide med relevante aktørar regionalt, nasjonalt og internasjonalt om arrangement.
 - oppmode kulturskular og spelemannslag til samarbeid om folkemusikktilbod

For å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans, er det ein føresetnad der fins gode arenaer for formidling, rekruttering og opplæring for både born, unge og vaksne. Den levande folkemusikktradisjonen føreset at der fins utøvarar som driv formidlingsverksemd, at denne formidlingsverksemda rekrutterer nye utøvarar, og at det blir drive opplæringsverksemd som skapar nye utøvarar. Folkemusikklaget kan ikkje sikre alle desse arenaene aleine, men vi skal ta vår del. Og vi skal samarbeide med andre aktørar som er med på sikre desse arenaene, og dessutan oppmode fleire og nye aktørar om å sikre slike arenaer.

KAPPLEIKAR



Smørbukk-kappleiken

Smørbukk-kappleiken er ein uformell arena der barn og unge får synge, spele og danse for kvarandre, og møte andre unge i fylket med same interessa.

Smørbukk-kappleiken vart også i år arrangert under fylkeskappleiken laurdag 29.mars på Sandane. I alt var 60 deltakarar frå heile fylket i aksjon på scena. Innslaga femna frå solonummer til ei stor vokalgruppe med 15 songarar. Både dans, song og spel var representert blant innslaga.

Mari Andrea Ness var leia samlingsstunda for alle med leik og dans som starta kappleiken. Knut David Hustveit leia kappleiken, og ein jury samansett av Ingrid Søyland, Hilde Bjørkum og Antonia Karete Kongsvik fekk i oppgåve å peike ut "Årets Smørbukk".

Dansane frå Fjelli UL imponerte alle med dansen sin og vart for dette kåra til "Årets Smørbukk". I tillegg fann juryen det på sin plass å dele ut nokre ekstrapremiar til andre som også hadde utmerka seg. Songarane i "Krudlalaget" fekk premie for stort repertoar og rekruttane frå Gaular spelemannslag fekk premie for å fint

"kostyme" med solbriller. Sjølv sagt vanka det rikeleg med karamellar og diplom til alle som deltok.

Smørbukk-kappleiken 2014 vart sponsa av Norsk Barneblad, Lerum og Førdefestivalen.

FYLKESKAPPLEIKEN

Fylkeskappleiken gjekk av stabelen på Sandane, 28.-29. mars. Smørbukk-kappleiken var også i år samlokalisert med fylkeskappleiken, og vart avvikla på føremiddagen laurdag. Austrheim Musikklag, Gloppen hardingfelelag og Hyen spelemannslag var lokal arrangør for fylkeskappleiken. Arrangøren gjorde eit godt arbeid med førebuing og avvikling av kappleiken. Totalt var det 63 startnummer, og det vart som vanleg tevla i både bygdedans- og runddansklassar.

Vandrepemiane vart vunne av Gro Marie Svidal (spel), Kirsten Friis og Hilde Bjørkum (dans) og Veronika Kvandal Gjelsten (song). Alle tok sitt første napp i premiane. Vandrepremien i spel, ein viking utskoren i tre, var nyoppsett av Sogn og Fjordane Folkemusikklag. Vandrepemiane i dans og song var oppsette av Spelemannslaget Fjelljom til fylkeskappleiken 2012. Etter diskusjon på årsmøtet i fjor bestemte styret at folkemusikklaget heretter skal setje opp nye vandrepemiar i spel, song og dans når dei eksisterande premiane vert vunne til odel og eige.

Resultatliste frå kappleiken er å finne på www.fylkeskappleiken.no under arkiv. Her ligg også mange fine foto frå kappleiken tekne av kappleiks fotograf Kjell Thue.

VESTLANDSKAPPLEIKEN

Vestlandskappleiken er eit samarbeid mellom folkemusikklaga i Hordaland og Sogn og Fjordane. I 2014 var det Hordaland sin tur. Kappleiken vart arrangert i Granvin med Hardanger spelemannslag som arrangør.

Resultatliste frå kappleiken er å finne på www.vestlandskappleiken.no

KURS | SEMINAR

TRADISJONSKURS

I følge arbeidsplanen for 2014 var det planlagt tradisjonskurs i regi av Sogn og Fjordane Folkemusikklag i november. På grunn av fleire arrangement på hausten som det ville vere uheldig å kollidere med, og tilsetjinga av ny dagleg leiar i laget, konkluderte styret med at det ville vere betre å flytte tradisjonskurset til etter jul. Tradisjonskurset vart dermed flytta til helga 21.-22. februar 2015.

MOKURSET

Mokurset er eit sommarkurs i folkemusikk- og dans for born, unge og vaksne, og gjekk av stabelen på Mo i Sunnfjord 6.-11. juli. Kurset hadde 60 deltakarar i alderen 10-20 år, der hovudvekta frå Sogn og Fjordane, Hordaland og Møre og Romsdal.

Mokurset hadde følgjande kurstillbod i 2014:

- Song- og spelkurs på fele, hardingfele, trekkspel og toradar.
- Meisterklasse på hardingfele/fele og trekkspel med Jorun Marie Kvernberg og Øyvind Sandum i samarbeid med Førdefestivalen. Meisterklassa hadde i år stort fokus på samspel.
- Innføring i folkeleg dans med Maria Skjeldrum Toppe og Silja Solvang.

Kurset i folkeleg dans og songkurset måtte dessverre avlysast grunna for få påmelde. Unni Løvlid skulle ha vore instruktør på songkurset. Dei andre kurstillboda gjekk som planlagt.

Instruktørar på spelkurset var Sigmund Eikås, Gro Marie Svidal, Erlend Apneseth og Ingrid Heieren på hardingfele, Ingrid Stuhaug, Jørgen Nyrønning og Bjørn Kåre Odde på fele, Kristoffer Kleiveland på toradar. Dagleg leiar Dagrund Hesjevoll var kursleiar, og prosjektleiar var Tormod Kleiveland. I tillegg var styret og ei rekkje andre frivillige i sving under kurset – takk for innsatsen!

Konsertar under Mokurset 2014:

- Slik kan det gjerast – instruktørkonsert

- Har du lyst, har du lov – deltakarkonsert
- Konsert og dans i Sersjantløa på Sunnfjord Museum
Konserten var i år med Jorun Marie Kvernberg og Øyvind Sandum.
- Mokurskonserten – avslutningskonsert med alle deltakarane

Mokurset 2014 fekk stønad frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, Førdefestivalen, Tine, Lerum og Luster Sparebank, Sogn og Fjordane fylkeskommune, KOMP, Rådet for folkemusikk og folkedans, FolkOrg og Norsk Folkemusikkfond.

Vi rettar ei stor takk til alle som støtta Mokurset 2014!



Deltakarar og instruktørar på Mokurset 2014. Foto: Einar Eimhjellen.

KULTURPOLITISK ARBEID

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i fylket gjennom arbeid for å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans.

- Vere ein synleg kulturpolitisk aktør som sikrar medlemmene sine interesser. For å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans, er det ein føresetnad at aktørane på folkemusikkfeltet har gode råmevilkår for verksemda si. Kulturpolitiske prioriteringar og offentlege løyvingar påverkar råmevilkåra i stor grad, og det er viktig at folkemusikkfeltet til ei kvar tid kjempar for betre råmevilkår.

Tradisjonsmusikk frå Sogn og Fjordane i NRK

Årsmøtet i Sogn og Fjordane Folkemusikklag 2014 vedtok å sende ein resolusjonen til NRK Sogn og Fjordane med oppmoding om meir folkemusikk frå fylket i sendingane. Resolusjonen vart også sendt som ope brev til alle avisene i fylket.

Kulturstrategimøte i regi av Fylkeskommunen.

Styreleiar Antonia Karete Kongsvik var til stade på kulturstrategimøte i regi av fylkeskommunen. Folkemusikklaget tok spesielt opp at fylket må ta vare på sin eigen musikk- og kulturarv. Det er vår plikt. Fylket må gje organisasjonane gode råmer slik at dei kan utføre sine arbeidsoppgåver og jobbe langsiktig. Det vart lagt spesielt vekt på at det er viktig å ta vare på folkemusikarordninga.

Høyringsvar til Sogn og Fjordane fylkeskommune sin kulturstrategi 2014-2017

Sogn og Fjordane Folkemusikklag utarbeide eit innspel i høve høyringa av fylkeskommunen sin kulturstrategi for 2014-2017. Her peika vi på at det er viktig for det frivillige kulturlivet (organisasjonane) å ha gode rådevilkår. Sogn og Fjordane Fylkeskommune har særskilt ansvar for å ta vare på folkemusikk og dans frå eige fylke. Folkemusikklaget viste spesielt til punkt 3 i planen, som seier at ein skal ha kvalifiserte tilsette som skal vere med på å løfte det frivillige feltet. Her peika vi nok ein gong på kor viktig det er å halde fram med ordninga med fylkeskommunalt tilsette folkemusikkarar, og ikkje minst erstatte dei som sluttar i stillingane med utfyllande kompetanse.

Høyringsvar til Sogn kulturskule sin utviklingsplan

Sogn og Fjordane Folkemusikklag er ikkje direkte høyringsinstans for kulturskulen, men sende likevel eit innspel til planen då det såg til at folkemusikken var i stor fare for å ramle ut av kulturskulen sine tilbod.

Folkemusikksatsinga i Sogn og Fjordane -ei suksesshistorie -snart berre historie?

Sogn og Fjordane Folkemusikklag, Førdefestivalen og SOFUL utarbeida eit innspel i høve den politiske debatten i fylket i haust der folkemusikksatsinga var truga av nedskjeringar. Debattinnlegget peika på at det er vårt og berre vårt ansvar å ta vare på og utvikle vår eigen musikkarv. Lesarinnlegget vart sendt til alle fylkespolitikarane som innspel til møte i kulturutvalet 23/ 9 og i fylkestinget 24/ 9. I tillegg var det sendt til alle aviser i Sogn og Fjordane og til NRK Sogn og Fjordane. Lesarinnlegget ligg framleis ute på fylkeslaget si nettside og kan lesast her: <http://www.folkemusikklaget.no/folkemusikksatsinga-i-sogn-og-fjordane-ei-suksesshistorie-snart-berre-historie.5578468-160174.html>

Kontakta med NRK Sogn og Fjordane resulterte også blant anna i eit intervju med Erlend Apneseth som kan lesast her: <http://www.nrk.no/sognogfjordane/er-redd-musikkarven-gar-tapt-1.11946920>

ORGANISASJON

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i fylket gjennom arbeid for å auke kunnskapen om og interessa for tradisjonelt spel, song og dans.

Kontinuerleg utvikle organisasjonen gjennom å:

- sikre god flyt av informasjon internt i organisasjonen
- initiere samarbeid med relevante aktørar regionalt, nasjonal og internasjonalt
- nytte menneskelege og økonomiske ressursar i organisasjonen til det beste for formålet

For å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans, er det ein føresetnad at organisasjonen som arbeider med dette er ein godt fungerande, framtidsretta, sjølvutviklande og effektiv organisasjon med god kompetanse.

STYREARBEID OG ARBEIDSGJEVARANSVAR

Styret har arbeidd med å etablere gode rutinar for sakshandsaming og rapportering. Førre styreleiar har utarbeidd "Styreleiarpermen" med informasjon om oppgåver knytt til styreleiarvervet og arbeidsgjevaransvaret. Det vert jobba for å oppdatere permen kontinuerleg

RAPPORTERING OG DOKUMENTASJON

Folkemusikklaget har arbeidd vidare med å skape gode rutinar for å rapportere og dokumentere verksemda vår, og har siste åra mellom anna arbeidd med å digitalisere delar av eldre papirdokument, samt investert i digitale lagringsmedium.

UTSNITT

Det kom fleire plateutgjevingar med artistar frå fylket: «Brylljaupsafta» (Honndalsmusikken), «Vrangsvevd» (MAAR), «Brevet til kjærleiken» (Sigrid Moldestad)

Linda Gytri vart tildelt Statens Arbeidsstipend for unge nyetablerte kunstnarar. Ho vart også tildelt Sogn og Fjordane Fylkeskommune sitt kunstnarstipend på 30 000 kr.

Jostedal spel- og dansarlag var blant dei nominerte til «Årets lokallag 2014»

Jostedal spel- og dansarlag markerte at det er 100 år sidan Sjur Hesjevoll vart fødd med konsert og dans.

Naustdalen spelemannslag feira 60 års jubileum.

«Honndalsmusikken» feira 10 års jubileum. I samband med jubileet vart det også markert at det er 125 år sidan Lars Hjellbakk vart fødd og 100 år sidan Ragnvald Lunde vart fødd.

Lina Rebekka Kobberstad frå Hornindal var med i NU prosjektet "Sans for dans" som er det største dansefilmprosjektet nokon sinne. Dei fem filmene hadde premiere 20. mars på Riksscena.

Linda Gytri og Erlend Apneseth spelte på Nordic Days veka i Murmansk.

Erlend Apneseth fekk saman med Margit Myhr Leveld Kunstnartun sitt E-CO-stipend. Stipendet går til unge, talentfulle kunstnarar på arbeidsopphald i Leveld Kunstnartun og 8000kr. Erlend vart også tildelt Øivind Bergh sin minnepris for 2014 på 25 000kr, og under opningskonserten på Førdefestivalen vart han tildelt Sparebanken Vest sitt muskarstipend på 30 000kr.

Gro Marie Svidal var prosjektleiar for Kong Nor oppsetjinga på Riksscenen. Oppsetjinga var ein hyllest til Grunnlovsjubileet, og eit historisk samarbeidsprosjekt på folkemusikkfeltet.



Gro Marie Svidal frå Indre Sunnfjord spelemannslag vann hardingfele klasse A på landskappleiken. Ho er dermed den tredje dama nokon gong til å vinne A-klasse i hardingfele.

Som sigrande i A-klasse var ho også ein av dei som fekk spele på den store meisterkonserten i Operahuset i Oslo.

Gro Marie Svidal. Foto: Runhild Heggem

Mathilde Skjæret frå Jostedal spel- og dansarlag kom på andreplass i spel hardingfele klasse C på Landskappleiken. Emma Nygaard Sætren og Hallvard Sindre Syversbråten frå Spelemannslaget Fjelljom kom på andreplass i dans fele klasse C.

Tre instrumentmakarar frå fylket oppnådde medalje på instrumenta sine under landskappleiken på Geilo. Hardingfelene laga av Harald Kvandal frå Gloppen hardingfelelag og Rolf Inge Kvandal frå Gloppen hardingfelelag oppnådde begge sølvmedalje. I klassa for fele oppnådde Asbjørn Fonn bronsemedalje.

Britt Pernille Frøholm vann Landsfestivalen i gammaldansmusikk i klassa solo fele/hardingfele. Ho fekk dermed også spele på meisterkonserten i Operahuset i Oslo.

Arve Bjørn Røneid frå Jostedal spel- og dansarlag gjekk heilt til topps i klassa for durspel senior på landsfestivalen.

Lystringen vann den nye lagdansklassa under Landsfestivalen i Steinkjer. I same klasse vart Spelemannslaget Fjelljom nummer tre.

Irene Hestvik og Leon Årdal frå Indre Sunnfjord spelemannslag dansa seg til ein 3. plass i klassa for pardans under Landsfestivalen på Steinkjer.

Førdefestivalen hadde ei rekkje artistar frå fylket på programmet også i år. Festivalen feira sitt 25-års jubileum og tema for årets festival var «Lokal-global».

Førdefestivalen vart kåra til ein av dei 10 beste småbyfestivalane i Europa i den store britiske avisa The Guardian.

Førdefestivalen var ein av tre nominerte til prisen "Årets folkemusikkarrangør 2014".

14 folkemusikarar og -dansarar representerte norsk folketradisjon på den fellesnordiske festivalen og konferansen "Tradition for Tomorrow". på Island 20.-23. august. Sogn og Fjordane er representerte med landskappleikvinnar på hardingfele Gro Marie Svidal, folkesongar Unni Løvlid, trekkspelar Linda Gytri og hardingfelespelar Torunn Raftevoild Rue i trioën Glima.

MAAR og Linda Gytri trio hadde konsertar under Blest 2014.

Thea Hjelmeland vart vinnar av Luttprisen for 2014. Blant dei nominerte var også Erlend Apneseth, Sigrid Moldestad og fjorårsvinnar Karl Seglem.

Honndalsmusikken vann Folkelarmprisen med plata «Brylljaupsafta» i klassa for tradisjonelt samspel. MAAR var også ein av dei nominerte i same klasse.

Kine Svori frå Jostedal vart under Vestlandskappleiken i Granvin tildelt Audhild Flaktveit Moxnes sin minnepris. Prisen som er på 10 000kr.

Fjelljomfestivalen vart arrangert for første gong med blant anna helgekurs for unge felespelarar, fleire kortkurs og konsertar.

Sigrid Moldestads «Brevet til kjærleiken» vart kåra til årets album 2014 av «Under lupen» i Norsk på norsk.

Jostedal video v/Tormod Øvrebø har også i år lagt ut filmklipp på YouTube av mange dansarar på ulike kappleikar/festivalar. Dette har vorte godt motteke i miljøet og klippa har mellom anna vore nytta i opplæringssamanheng.

Arve Bjørn Røneid vart tildelt Luster Kommune sin kulturpris for 2014.

SAMARBEIDSPARTNARAR OG STØTTESPELARAR

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har i 2014 hatt ei rekkje samarbeidspartnarar og økonomiske støttespelarar, og vi rettar ei stor takk til alle som har bidrege til realiseringa av ei rekkje tiltak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane
Førdefestivalen
KOMP
FolkOrg
Rådet for folkemusikk og folkedans
Tine
Lerum
Luster Sparebank
Norsk Barneblad
Hordaland Folkemusikklag
Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane
Austrheim Musikklag
Gloppen hardingfelelag
Hyen spelemannslag

15.02.2015

Antonia Karete Haugen Kongsvik – styreleiar



(sign.)

Oddbjørg Ese- nestleiar
(sign.)

Knut David Hustveit - styremedlem
(sign.)

Dagfrid Vallestad Brevik - styremedlem
(sign.)

Kari Malmanger - styremedlem
(sign.)